



Birthe Eriksen Milson  
Vaksdalsvegen 577  
5725 VAKSDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1357 - 17/11375

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
07.06.2017

## Godkjenning- Søknad om oppføring av garasje på gbnr 21/45

**Administrativt vedtak. Saknr: 157/2017**

**Tiltakshavar:** Marie og Svein Klungeland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Marie og Svein Klungeland har i søknad journalført motteke 19.5.2017 søkt om oppføring av ein garasje opplyst med BRA på 43,2 m<sup>2</sup> og BYA på 45,9 m<sup>2</sup> på gbnr 21/45 i Dalemarka.

Det er på eigedommen tidlegare søkt om ein reguleringsendring av tomten på gbnr 21/45. Endringa innebar eit makebytte mellom Dalemarka vel og gbnr 21/45 der regulert leikeplass i reguleringsplankartet for Dalemarka blei plassert nord aust for eigedommen, i staden for vest for gbnr 21/45.

Endringa er ikkje formelt godkjent, men det er utført kartforretning med grensejustering basert på omsøkt endring. I søknad om oppføring av einebustad på eigedommen er det vist til avtalen som er inngått mellom Dalemarka vel og eigar av gbnr 21/45 om makebytte av areal. Plassering av bustad er godkjent med desse eigedomsgrensar.

Sidan det ikkje førelegg vedtak på reguleringsendringa er heller ikkje reguleringsplankartet oppdatert. Dette inneber at det arealet som det no blir søkt oppføring av garasje på, ligg med arealplanstatus som leikeplass.

Arealformåla i reguleringsplanen er brukt i samsvar med det makebytte som er gjort, men kartet i forhold til arealformål er ikkje oppdatert i tråd med eksisterande bruk/situasjon. Administrasjonen handsamer søknaden slik den er omsøkt og slik tiltenkt, så vil kartet bli vurdert oppdatert i ettertid.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 19.5.2017.

#### **VURDERING:**

##### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 25.4.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

##### Plan og lovgrunnlag:

Eigedommen er regulert av reguleringsplanen for Dalemarka bustadområde til bustad og garasje. Med tilvising til sakshistorikk er det ikkje grunnlag for å krevje ein dispensasjon frå reguleringsplanen. Søkjar kan ikkje lastas for at administrasjonen i si tid ikkje fulgte opp formalitetane.

Samla areal skal ikkje overstige 25% BYA. Planen stiller krav til at det skal vera plass for ein garasje, i tillegg plass til ein bil på eigen grunn. Det er plass for ein bil framfor garasjen og det kan snu på eigen grunn. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

##### Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 19.5.2017. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4. Plassering som omsøkt med minste avstand på 2,2 meter frå nabogrense vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, 3 ledd bokstav (a).

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt og fasadeteikningar journalført same dato.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-4 løyve til oppføring av garasje på 43,2/45,9 m<sup>2</sup> BRA/BYA på gbnr 21/45 i Dalemarka. Garasjeloft skal ikkje nyttast til varig opphald. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

21/45. Situasjonskart, vedl. gr. F

21\_45. Tegninger, vedl. gr. E

Søknad om tiltak utan ansvarsrett - GBNR 21/45

**Mottakere:**

Birthe Eriksen Milson  
Svein Tønnes Klungland

Vaksdalsvegen 577 5725  
Dalemarka 130 B 5918

VAKSDAL  
FREKHAUG